

BEREDSKAPSPLANVERK FOR HØYANGER KOMMUNE

**Vedteken av Høyanger kommunestyre den 25.03.2014, sak nr.
020/2014**

**Revidert av Høyanger kommunestyre den 06.09.2016, sak nr.
071/2016.**



Dette dokumentet er Høyanger kommune sin beredskapsplan. Saman med overordna ROS analyse og vedlegg utgjer den det samla beredskapsplanverket til kommunen.

Innhald

1. ADMINISTRATIV DEL	4
1.1 Føremål m.m.	4
1.2 Formelt vedtak.....	4
1.3 Fullmakter.....	5
1.4 Oppdatering/rullering.....	5
1.5 Øvingar/opplæring/kompetanse.....	5
1.6 Evaluering av øvingar og uønska hendingar.....	6
2. OPERATIV DEL.....	6
2.1 Iverksetjing	6
2.2 Kommunen sin beredskapsorganisasjon	7
2.3 Leing/oppgåver/oppgåvefordeling	8
2.4 Loggføring – rapportering.....	10
2.5 Beredskapsråd	10
3. INFORMASJON.....	11
3.1 Målsetting.....	11
3.2 Organisering av informasjon.....	11
3.3 Lokalisering og plassering av informasjonstenesta	11
3.4 Mediehandtering.....	11
3.5 Direkte publikumsinformasjon	12
3.6 Informasjon til pårørende og skadde	13
3.7 Informasjonshandtering ved svikt i forsyning av elektrisitet og IKT	13
4. EVAKUERINGSPLAN	13
5. KRISETEAM/PSYKOSOSIAL RESSURSGRUPPE.....	14
6. REVISJONAR	15

Beredskapsplan Høyanger kommune

7. VEDLEGG – NB!!! LISTENE KAN INNEHOLDE FEIL!	16
7.1 Ressursoversyn.....	16
7.2 Samarbeidspartnerar	17
7.3 Varslingslister – interne ressursar	18
7.4 Varslingslister – eksterne ressursar	19
7.5 Naudnett – terminalar	20
7.6 Satellitt – telefonar	20
7.7 Frivillige organisasjonar – kan inneholde feil!.....	20
7.8 Anna beredskapsplanverk	21

1. Administrativ del

1.1 Føremål m.m.

Planen skildrar organisering, fullmakter og gjeremål m.v. for den kommunale krisehandteringa. Planen skal vera eit verktøy som kan nyttast ved alle typar uønskete hendingar eller situasjonar som har eit slikt omfang, eller er av ein slik karakter, at det går ut over det som kan reknast som normalsituasjon og normalbelastning. Kriseleiinga skal etablerast når ei uønska hending råkar kommunen eller innbyggjarane, og hendinga har, eller kan få, eit større omfang enn det den daglege drifta er innretta for å handtere. Planen skal redusere faren for at det oppstår krisesituasjonar og dersom ein krisesituasjon oppstår, bidra til å redusere omfanget av den uønska hendinga. Planen skal vidare sikre at innbyggjarane får naudsynt hjelp og støtte under og etter ein krisesituasjon.

Planen kan iverksetjast både heilt eller delvis. Den kan iverksetjast ògså i andre tilfelle, når rådmann og/eller ordførar ut i frå den føreliggjande situasjonen finn dette føremålstenleg.

Døme på hendingar som medføre iverksetjing av planen kan vere:

- Naturkatastrofe/ekstrem versituasjon
- Straumbrot som varer over lengre tid
- Større brannar, herunder større skogbrannar
- Akutt forureining
- Store ulukker
- Gassutslepp
- Smitte -/epidemi-/pandemisjukdom
- Mat -/vatnforgifting av større omfang
- Krig -/terrorangrep
- Gisselsituasjon
- Traumatiske hendingar

NB: Opprekninga ovanfor er ikkje uttømande, også andre hendingar kan grunngje etablering av kriseleiing. Høyanger kommune har utarbeidd ein overordna heilskapeleg ROS analyse som omtaler moglege hendingar.

Beredskapsplanen er ein samordna, sektorovergripande plan som saman med overordna heilskapeleg ROS analyse og vedlegg utgjer kommunen sin samla beredskapsplan.

1.2 Formelt vedtak

Kommunestyret skal handsame og vedta kommunen sin beredskapsplan. Opprinneleg plan vart vedteken av kommunestyret den 07.05. 2009, sak 24/2009. Kommunestyret har seinare revidert den opprinnelege planen den 25.03.2014 i sak 20/2014 og den 06.09.2016 i sak 071/2016. Beredskapsplanen med overordna ROS analyse var sak i kommunestyret 19.06.2018.

1.3 Fullmakter

1.3.1 Iverksetjing

Rådmann og/eller ordførar har fullmakt til å vedta iverksetjing av planen og innkalle kriseleinga heilt eller delvis. Ved fråvær har varaordførar og/eller fungerande rådmann den same fullmakta.

1.3.2 Økonomi

Kommunestyret gir kriseleinga v/rådmannen fullmakt til å nytte inntil 1,0 MNOK dersom han vurderer det som nødvendig for raskt å kunne handtere ei uønska hending, og/eller for å førebyggje at skade skjer og/eller aukar i omfang.

1.3.3 Andre fullmakter

Sjå kommunen sitt delegeringsreglementet pkt 6.1.1 der rådmannen er gjeven fullmakt til å gjennomføre naudsynte tiltak i ein krisesituasjon.

1.3.4 Rapportering til kommunestyre/formannskap

Ordførar har ansvar for at naudsynt informasjon vert gitt formannskap og kommunestyre. Når den uønska hendinga er over, skal rådmannen legge fram eit notat om hendinga som melding til formannskap og kommunestyre. Naudsynt budsjettregulering ut over dei fullmaktene som er heimla i delegeringsreglementet, skal handsamast av kommunestyret så snart kostnadene er kjende.

1.4 Oppdatering/rullering

1.4.1 Oppdatering

Planen skal ajourførast/oppdaterast fortløpande.

Ansvarleg for ajourføring/oppdateringar er lagt til rådmannen.

1.4.2 Revisjon

Beredskapsplan og ROS-analyse skal reviderast kvart 4. år. Planane skal handsamast av kommunestyret, fortrinnsvis ved starten av ny kommunestyreperiode. Ansvar for at revisjon vert gjennomført, er lagt til rådmannen.

1.5 Øvingar/opplæring/kompetanse

Alle tilsette skal vera kjende med at kommunen har ein beredskapsplan.

Beredskapsplanen utan ROS analyse og vedlegg vert lagt på kommunen si heimeside.

Alle som er tildelte oppgåver/ansvar etter planen, er pliktige til å gjere seg kjende med den rolla og det ansvaret dei har i ein beredskaps-/krisesituasjon.

Alle som etter planen har ei bestemt oppgåve, skal ha opplæring i forhold til det ansvar og den/dei oppgåver beredskapsplanen tildeler dei.

I samarbeid med fylkesmannen skal det gjennomførast regelmessige øvingar. Eventuelle øvingar ut over dette vert avgjort av rådmannen. Dersom naudetatane (Politi, Alarmsentralen eller AMK) gjennomfører øvingar innan kommunen sine grenser, skal kommunen viss mogeleg samstundes øve sitt apparat.

1.6 Evaluering av øvingar og uønska hendingar

Øvingar og uønska hendingar der kriseleiinga har vore involvert, skal alltid evaluerast. Gjev evalueringa grunn for det, skal det føretakast naudsynte endringar i overordna ROS-analyse og beredskapsplan.

2. Operativ del

2.1 Iverksetjing

2.1.1 Når planen skal iverksetjast

Planen skal setjast i verk ved uønska hendingar som er av eit slikt omfang og/eller av ein slik karakter at den daglege drifta ikkje er eigna til å handtere situasjonen, jfr pkt 1.2.

Ved varsel om ekstreme værtilhøve frå fylkesmannen, NVE eller andre, skal det vurderast om beredskapsplanen skal setjast i verk. Den som mottok varselet, oftast overordna vakt, skal vurdere alvoret i situasjonen og dersom forholda tilseier det, varsle vidare til rådmann og/eller ordførar som avgjer om beredskapsplanen skal setjast i verk, og i tilfelle i kva omfang.

2.1.2 Fullmakter til iverksetjing

Rådmannen er ansvarleg leiar for kriseleiinga. Ordførar er ansvarleg for ekstern informasjon.

Ordførar og/eller rådmann har fullmakt til å setja i verk beredskapsplanen og innkalle kriseleiinga, eventuelt vedta at berre deler av kriseleiinga skal innkallast.

Kommunalsjefane har eit sjølvstendig ansvar for å gjere ei fortløpande vurdering av om det føreligg ein situasjon som gjer at det kan vere aktuelt å setje i verk beredskapsplanen - og om så er tilfelle - varsle ordførar eller rådmann.

2.1.3 Rutinar for varsling

Den som vedtek iverksetjing av beredskapsplanen, har også ansvar for å innkalle kriseleiinga. Innkalling skjer fortrinnsvis pr. telefon.

2.1.4 Prosedyre ved mottak av varsling

Den som tek i mot varsel, skal notere kven som har varsla, kva omfang det er meldt frå om, kven som har fått vidareformidla varselet, eller kven ein har konferert med, dersom varselet ikkje vert følgt opp med tiltak. Varselet og vidare handsaming skal loggførast i CIM.

Fylkesmannen varslar via e-postgruppa beredskap@hoyanger.kommune.no, som består av ordførar, rådmann, overordna vakt og postmottak. Når ordførar/rådmann og/eller overordna vakt har mottoke slik varsling, er det deira ansvar å vurdere om det skal vidaresendast.

2.1.5 Varslingsplan

I kontortida 08.00 – 15.45 (15.09-15.05) og 08.00-15.00 (15.05-15.09) skal varsel gå til kommunen sitt sentralbord telefon 57 71 15 00, e-post postmottak@hoyanger.kommune.no. Varselet skal straks vidareformidlast.

Prioritert varslingsliste:

1. Rådmann
2. Ordfører
3. Overordna vakt
4. Rådmannen sin stedfortredar.

Dersom ein ikkje får kontakt på sentralbordet, kan det varslast direkte til ein av dei andre på lista. Liste over mobiltelefon-nr: Sjå ressursliste.

Varsel kan komme frå:

- Fylkesmannen, ved større hendingar på regionalt eller nasjonalt nivå
- AMK, politi- og brann-sentral
- Overordna vakt
- Lokalt helse-, brannvern- og politipersonale
- Kommunalsjefar og medlemmer i kommunen sitt kriseteam
- Media
- Andre

2.1.6 Tilsette i kommune sitt ansvar for varslingsplan

Lokale hendingar der kommunetilsette skal varsle næraste overordna:

- Hendingar på kommunal eining som har ført til dødsfall/alvorleg personskade
- Hendingar på kommunal eining som har ført til større materiell skade, eller der det er fare for store miljøskadar.
- Hendingar utanfor kommunal eining med ovanstående omfang, og der innbyggjarar i Høyanger kommune eller kommunalt tilsette er involvert.
- Hendingar som kan skape stor mediemerksemd.

2.1.7 Bruk av CIM som loggsystem

Alle hendingar som medfører etablering av kriseleiling skal loggførast i CIM. CIM skal nyttast som loggsystem ved alvorlege hendingar. Rådmannen avgjer kva som er alvorlege hendingar.

2.2 Kommunen sin beredskapsorganisasjon

2.2.1 Kriseleiling

Kommunen si kriseleiling er samansett slik:

Rådmann **Kjellaug Brekkaus tlf 95 25 77 25**

Rådmannen sin stedfortredar **Arvid Hovland tlf 99 20 64 57**

Ordfører **Petter Sortland tlf 91 16 4 546**

Beredskapsplan Høyanger kommune

Leiar drift & vedlikehald **Olav Nordgulen tlf 99 20 64 16**

Politisk sekretær **Rita Flaten tlf 90 59 34 15**

2.2.2 Kriseleiing - utvida

Alt etter kva uønska hending det gjeld, knyter kriseleiinga til seg dei leiarar og fagpersonell som kriseleiinga finn formålstenleg.

Kvalitet og HMS

Kvalitet- og HMS-sjef **Toril Varden, tlf 99 21 93 45**

Oppvekst

Kommunalsjef oppvekst **Stig Engen, tlf 99 21 93 66**

Helse og omsorg

Kommunalsjef **Ingun Indrebø, tlf 47 89 07 05**

Kommuneplanlegger **Synne Vefring tlf 99 21 93 97**

2.2.3 Andre ressurspersonar

Dette gjeld t.d.: VA ingeniør, HMS leiar, leiar plan og forvaltning, jordbrukssjef, skogbrukssjef, lege, miljøvernleiar, lensmann, prest, rektor, barnehagestyrar o.s.v.

Støttefunksjon:

Sentralbord i rekke:

1. **Hilde Dregelid, tlf 98 8050 04**
2. **Nina Titlestad, tlf 40 21 36 32**
3. **Annemor Haaheim tlf 91 55 87 07**
4. **Britt Rusti tlf 47 29 87 05**

IKT (må kunne legge ut informasjon på heimesida):

Synne Vefring tlf 99 21 93 97,

Ingrid Fureli, tlf 99 21 93 60

2.3 Leiing/oppgåver/oppgåvefordeling

2.3.1 Leiing

Rådmann leiar arbeidet i kriseleiinga.

Stedfortredar (NK) personalsjef

2.3.2 Fullmakter

Kriseleiinga ved rådmannen har fullmakt til å gjennomføre naudsynte tiltak, jfr delegeringsregelementet pkt 6.1.1.

2.3.3 Oppgåver

1. Leiing

Beredskapsplan Høyanger kommune

- Avklare kommunen sitt ansvar og rolle i den føreliggjande situasjonen
 - Ta avgjerder om iverksetjing av tiltak
 - Prioritere bruk av ressursar frå kommunen si side
 - Strategisk (langsiktig) planlegging og analyse, med tanke på t.d.
 - helsemessige konsekvensar
 - miljømessige og økonomiske konsekvensar og utfordringar
 - Ha kontakt med samarbeidspartnarar/LRS/fylkesmann/andre
2. Informasjon – sjå også eigen informasjonsplan i pkt. 3
 - Mediehandtering
 - Heimesida
 - Intern informasjon
 - Informasjon til publikum
 - Sentralbord
 3. Loggføring(CIM)
 4. Situasjonsoversikt
 5. Ressursoversikt
 6. Evakuering
 7. Varsling og situasjonsrapportering
 8. Mottak/formidling av meldingar
 9. IKT-støtte
 10. Administrativ støtte (drift av lokale og utstyr, forpleining m.m.)
 11. Kontakt pårørande

2.3.4 Oppgåvefordeling ved ei krise:

Oppgåvefordeling	Kven
Leiing	Rådmann Kjellaug Brekkhus
Generell informasjon frå kommunen, pressekonferansar og handtering av media	Ordføraren Petter Sortland
Situasjonsoversikt/varsling og situasjonsrapportering	Rådmannen sin stedfortredar Arnvid Hovland
Ressursoversikt	Personalsjef Arnvid Hovland
Evakuering	Kommunalsjef oppvekst Stig Engen og kommunalsjef helse og omsorg Ingun Indrebø
Mottak/formidling av meldingar, loggføring og ordonans:	Politisk sekretær Rita Flaten og Synne Vefring
IKT-støtte, herunder oppdatering av kommunen si heimeside	Ingrid Fureli og Synne Vefring
Sentralbord/publikumsstøtte	1. Hilde Dregelid, 2. Nina Titlestad, 3. Annemor Haaheim og 4. Britt Rusti
Pårørandekontakt	Kommunalsjef oppvekst Stig Engen og kommunalsjef helse og omsorg Ingun Indrebø

2.3.5 Lokalisering/plassering – også i tilfelle svikt i forsyning av elektrisitet og IKT
Kriseleiing etablerer seg i Høyanger rådhus 4. etasje. Kriseleiinga vurderer sjølv om det kan vere behov for å nytte anna lokale, t.d. ved straumbrot.

2.4 Loggføring – rapportering

2.4.1 Loggføring

Loggføring i CIM skal skje snarast råd. Meldingar til postmottak og sentralbord skal og først i CIM. Ansvarleg for loggføring er rådmannen. Loggen skal gje kronologisk oversyn over hendingar, vedtak, tiltak og korrespondanse. Loggføring må starte tidleg og oppdaterast fortløpande. Det skal først opplysningar om:

- Kva vert meldt rapportert?
- Når?
- Melding kom frå/gjekk til?
- Avgjerder
- Behov for oppfølging og kven som har ansvar for oppfølging
- M.m.

2.4.2 Rapportering

Det skal rapporterast til fylkesmannen når han ber om det og elles når ein meiner informasjonen vil vere nyttig for fylkesmannen.

Rapportering til andre myndigheiter når det vert bedt om dette.

2.5 Beredskapsråd

2.5.1 Oppgåver

Beredskapsrådet er eit rådgjevande organ for kommunen i beredskapsspørsmål og har såleis ikkje vedtakskompetanse. Beredskapsrådet skal vidare drøfte øvingsbehov, lage øvingsopplegg og vere premissleverandør i arbeidet med dei overordna ROS-analysane.

2.5.2 Når skal beredskapsrådet innkallast

Rådet skal innkallast av ordføraren når det er trong for det, i hovudsak ein gong i året, og då i samband med oppdatering/ajourhald av kommunen sin kriseplan.

2.5.3 Samansetjing

Ordførar
Rådmann
Rådmannen sin stedfortredar
Leiar drift og vedlikehald/Brannsjef
Leiar plan og forvaltning
Kvalitet- og HMSsjef
Kommuneoverlege

Mattilsynet
Lensmann
Sivilforsvaret – representant frå distriktskontoret og/eller leiar FIG Høyanger
Områdesjef HV
Representant frå Hydro
Representant frå Sunnfjord Energi
Representant frå NVE
Representant frå Statkraft
Representant frå Høyanger Røde Kors
Representant frå Høyanger Sanitetsforening
Representant frå Høyanger Bustadstifting
Representant frå Lavik Helselag
Representant frå Statens Vegvesen
Representant frå Mesta
Representant frå Fjord 1/Norled

2.5.4 Leing

Beredskapsrådet vert leia av ordføraren og sekretær er rådmannen sin stedfortredar.

3. Informasjon

3.1 Målsetting

Målet med informasjon er å legge til rette for god informasjonsflyt til

- Pårørande
- Presse
- Innbyggjarane i kommunen
- Eigen organisasjon

3.2 Organisering av informasjon

3.2.1 Ansvar

Det er ordføraren som har det overordna ansvaret for informasjon til påørande, presse, innbyggjar og eigen organisasjon. Kommunalsjef kultur og folkehelse Anita Nordheim, kommuneplanleggar Synne N. Vefring og politisk sekretær Rita Flaten bistår ordføraren etter behov. Alt etter kva saka gjeld skal fagpersonar bistå ordføraren i informasjonsarbeidet.

For å sikre at informasjon når fram til, og vert forstått av innbyggjarar med anna språkbakgrunn enn norsk, skal flyktningtenesta bistå ordføraren i informasjonsarbeidet.

3.3 Lokalisering og plassering av informasjonstenesta

Informasjonstenesta skal etablerast i 4. etasje i Høyanger rådhus.

3.4 Mediehandtering

3.4.1 Innhald/presentasjonsmåte

Ekstern informasjon skjer via:

- Kommunen si heimeside
- Pressemeldingar

Beredskapsplan Høyanger kommune

- Intervju
- Pressekonferansar

3.4.2 Rollefordeling/avgrensingar i forhold til eksterne aktørar

Det er ordføraren som uttalar seg på kommunen sine vegner. I den grad det er naudsynt, samordnar han dette med andre eksterne aktørar. Faktainformasjon kan også gjevast av fagpersonar, f.eks brannsjef i høve brann.

3.4.3 Pressesenter/informasjonscenter

Kinosalen i Høyanger Samfunnshus skal nyttast som pressesenter og til fellesinformasjon til publikum. Ved behov nyttar ein anna lokale.

3.4.4 Samlingsstad for pårørande

Dette må skje i nært samarbeid med politiet.

Aktuelle stader **kan** vere:

- Høyanger Samfunnshus
- Skulane evt grendahusa dersom hendingar skjer andre stader i kommunen

3.4.5 Oversyn over mest aktuelle mediebedrifter

Media	Tlf	Epost
NRK Sogn og Fjordane	57 72 42 42	sf@nrk.no
Firda	57 83 33 00	redaksjon@firda.no
Ytre Sogn	57 71 45 90	redaksjon@ytresogn.no
Bergens Tidende	05500	redaksjon@bt.no
TV2	02255	redaksjon@tv2.no
Sogn Avis	57 65 60 00	redaksjon@sognavis.no

3.5 Direkte publikumsinformasjon

3.5.1 Sentralbord/publikumsteneste

Sentralbordet skal bemannast med tilstrekkeleg personell, jfr pkt 2.2.1. Det er avgjerande viktig at dette personellet til ei kvar tid er godt oppdaterte om situasjonen og såleis er i stand til å gje korrekt informasjon. Rådmannen sin stedfortredar har ansvar for å halde sentralbordpersonalet oppdatert.

3.5.2 Førehandsdefinerte nummer for publikumstelefonar

Publikumstelefonar: **57 71 15 00**

Pårørandetelefonar: **57 71 15 00.**

3.5.3 Bruk av heimeside

Det er/skal utarbeidast ei førehandsdefinert heimeside innehaldande relevant informasjon som skal aktiverast når beredskapsplanen vert iverksett. Ordførar eller rådmann avgjer når ein skal legge ut beredskapssida.

Beredskapsplan Høyanger kommune

3.5.4 Informasjon til egen organisasjon

Tilsette i egen organisasjon skal orienterast via kommunen si heimeside, e-post eller SMS

3.5.5 Andre informasjonsmåtar

Facebook, Radio/TV – eventuelt andre media

3.6 Informasjon til pårørande og skadde

3.6.1 Ansvarsfordeling i forhold til politiet/andre aktørar

For å sikre rett informasjon skal det avklarast med dei andre innsatsetatane kven som skal uttale seg om kva.

3.6.2 Pårørandesenter/samlingsstad/pårørandetelefon

Pårørandetelefon: **57 71 15 00**

Pårørandesenter: Alt etter kva type hending og kvar hendinga skjer i kommunen Dette vil skje i nært samarbeid med politiet.

Aktuelle stader **kan** vere:

- Høyanger Samfunnshus
- Skulane evt grendahusa

3.7 Informasjonshandtering ved svikt i forsyning av elektrisitet og IKT

Kriseleiinga må fortløpande vurdere korleis informasjonshandteringa skal ivareta dersom ein oppleve svikt i forsyning av elektrisitet og IKT.

4. Evakueringsplan

4.4.1 Iverksetjing av planen

Ordførar og/eller rådmann kan i samråd med politiet iverksetje evakuering.

4.4.2 Oppgåver

- Utføringa av oppgåvene skjer i nært samarbeid med politiet og sivilforsvaret som ekstra ressurs.
- **Føreta registrering av evakuerte og kvar dei er inkvarterte!!!**
- Samarbeide med skadestadsleiing/LRS
- Skaffe oversyn over evakueringsområdet
- Etter oppdrag for kriseleiinga etablere evakueringssenter og pårørandesenter
- Informere folk i evakueringsområdet kva dei skal ta med seg
- Skaffe transportmiddel
- Samle folk i eigna lokale, jfr pkt 4.4.3
- Kontrollere at evakueringsområdet er tomt og setje ut vaktmannskap t.d. sivilforsvaret
- Hjelp til med behandling av skadde
- Syte for forpleining/klede

Beredskapsplan Høyanger kommune

- Omsorgsfunksjon kriseteam
- Gi informasjon

Oppgåva med å registrere evakuerte og kvar dei vert innkvarterte er svært viktig!

4.4.3 Innkvarteringsstader – under er opplista potensielle innkvarteringsstader

- Øren Hotell tlf 57 70 76 00
- Høyanger hotell tlf. 57 71 00 60
- Sogn Hotel, Vadheim tlf. 57 71 02 41
- Lavik Fjordhotell tlf.57 71 40 70
- Alværa Misjonscenter tlf 57 71 17 57
- Bjordal skule tlf. 57 71 42 70
- Ortnevik grendahus.
- Ikjefjord grendahus tlf.57 71 05 12
- Nedre Lavikdal samfunnshus
- Øvre Lavikdal ungdomshus
- Kyrkjebø skule tlf 57 70 75 70

4.4.6 Ressursoversyn

Sjå eige vedlegg

5. Kriseteam/Psykososial ressursgruppe.

5.5.1 Oppgåver

Kriseteamet/psykososial ressursgruppe skal vera til hjelp dersom det skjer større ulukker eller katastrofar. Fagpersonane som er i gruppa, har kompetanse til og skal ivareta det psykososiale hjelpearbeidet og rettleie slik at dei som treng det kan få hjelp frå det ordinære hjelpearbeidet.

5.5.2 Medlemmer

Medlemmer	Tlf	Epost
Psykiatrisk sjukepleiar Torunn Styve, leiar	99 21 93 35	torunn.styve@hoyanger.kommune.no
Helsesøster Elisabeth Sæbø	99 21 93 14	elisabeth.saebo@hoyanger.kommune.no
Leiar open omsorg Oddveig Eide	99 21 93 05	oddveig.eide@hoyanger.kommune.no
Leiar open omsorg Monica Dævøy	99 21 93 26	monica.davoy@hoyanger.kommune.no
Leiar barnevern Ingvill Auganæs	99 21 93 74	ingvill.auganaes@hoyanger.kommune.no
Førskulepedagog Randi Rusti	97 50 29 21	randi.rusti@hoyanger.kommune.no
Kommuneoverlege Svein G. Sivertsen	92 86 02 90	svein.gunnar.sivertsen@hoyanger.kommune.no
Sokneprest Høy. Runar Matsui - Li	48 89 00 86	runar.matsui-li@hoyanger.kyrkja.no
Sokneprest Lavik Andreas Ester	45 22 17 37	andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no

5.5.3 Oppgåvefordeling

Kriseteamet/psykososial ressursgruppe fordeler sjølve oppgåvene seg imellom, dette m.a. ut frå kompetanse.

5.5.4 Samankalling

Dersom det frå **kommunen si kriseleiiing** vert teke avgjerd om at **Kriseteamet/psykososial ressursgruppe** skal innkallast har psykiatrisk sjukepleiar (Torunn Styve) ansvar for innkalling av teamet.

Dersom Styve ikkje er tilgjengeleg:

På helg og utanom vanleg dagtid er **ansvarsvakt** på Høyanger sjukeheim eller i open omsorg bindeledd/kontaktpunkt og vurderer behov for kontakt med **Kriseteamet/psykososial ressursgruppe**. Avhengig av situasjonen, kan det vere aktuelt å innkalle andre fagpersonar etter beredskapsliste i avdelingane. Oppmøtestad er Høyanger helsesenter.

5.5.5 Vakttelefonar i helse og omsorg

- Høyanger sjukeheim: 57 71 16 38
- Vakttelefon open omsorg Høyanger: 99 21 93 00
- Vakttelefon open omsorg Lavik: 99 21 93 20
- Vakttelefon Sørsida open omsorg: 99 21 93 22

6. Revisjonar

Dato:	Punkt nr:	Endring:
08.11.2016	1.6	Øvingar og uønska hendingar...
08.11.2016	1.4.2	Revisjon
08.11.2016	3.2.1	For å sikre at informasjon vert forstått....
02.10.2017	5	Revisjon
02.10.2017	7	Oppdatering av navnelister utført av rådmannen
13.10.2018	7	Oppdatering av navnelister utført av rådmannen.

7. Vedlegg – NB!!! Listene kan inneholde feil!

7.1 Ressursoversyn

Redningsressurser	Kontaktperson	E-post adresse	Telefon
Brannvernmateriell	Olav Nordgulen	olav.nordgulen@hoyanger.kommune.no	99 20 64 16
Nabobrannvesen	Olav Nordgulen	olav.nordgulen@hoyanger.kommune.no	99 20 64 16
Sivilforsvarsressurser	Cathrine Heggø	sf.sfd@dsb.no	57 62 88 60/ 97 40 80 43
Heimevernsressurser	Jfr. telefonliste - CD		
Politi/lensmann	Kåre – Jan Hoffrenning	post.sfj@politiet.no Satelitttelefon:	57 71 45 70/ 02800
Sanitetsmateriell/apotek		hoyanger@apotek.no	57 70 79 00
Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no	06040
Anleggsmaskiner	Per A. Øren	post@pao.no	91 13 30 37
Nødstrømsaggregat	Østerbø Maskin AS	om@osterbo.no	48 16 17 18 57 82 70 00
Løfteutstyr/kraner	Per A. Øren Hydro	post@pao.no	91 13 30 37/ 57 71 50 00
Transportmateriell	Per A. Øren	post@pao.no	91 13 30 37
Drosje/buss	Olav Brekken		90 92 21 00 90 82 21 00
Storhushaldning	Sentralkjøkke	ronnaug.meek@hoyanger.kommune.no	57 71 16 58
Høyanger båtforening	Bjørn Hjelmeland		99 21 93 70

Beredskapsplan Høyanger kommune

7.2 Samarbeidspartnarar

Samarbeidspartnarar	E-post	Telefon
Politi/lensmann	post.vest@politiet.no	57 71 45 70/ 02800
AMK	amk@helse-forde.no	113
Alarmsentralen	brann110@alarmsentralen.com	57 75 14 00
Statens vegvesen – region vest	firmapost-vest@vegvesen.no	81 54 40 10
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/samferdselsjef	ole.hareide@sfj.no	41 53 09 54
Mesta	firmapost@mesta.no	05200
Fjord1	post@fjord1.no	57 75 70 00
Norled	post@norled.no	51 86 87 00
NRK – Sogn og Fjordane	sfj@nrk.no	57 72 42 42
Statkraft Energi - Høyanger	info@statkraft.no	57 68 92 00
Bilfinger - Høyanger	age.nesse@bilfinger.com	90 20 93 29
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Beredskapssjef Haavard Stensvand		57 64 30 10 / 91 57 74 32

Beredskapsplan Høyanger kommune

7.3 Varslingslister – interne ressursar

Stilling/namn	E-post	Telefon
Ordførar Petter Sortland	petter.sortland@hoyanger.kommune.no	91 16 45 46
Rådmann Kjellaug Ekse Brekhus	kjellaug.brekhus@hoyanger.kommune.no	95 25 77 25
Kommunalsjef oppvekst Stig Engen	stig.engen@hoyanger.kommune.no	99 21 93 66
Kommunalsjef helse og omsorg Ingun Indrebø	ingun.indrebo@hoyange.kommune.no	47 89 07 05
Kvalitet og HMS-sjef Toril Varden	toril.varden@hoyanger.kommune.no	99 21 93 45
Rådmannen sin stedfortredar og Personalsjef Arnvid Hovland	arnvid.hovland@hoyanger.kommune.no	99 20 64 57
Leiar plan & forvaltning Jostein Nyland	jostein.nyland@hoyanger.kommune.no	99 21 93 90
Brannsjef Olav Nordgulen	olav.nordgulen@hoyanger.kommune.no	99 20 64 16
Kommuneoverlege Svein Gunnar Sivertsen	svein.gunnar.sivertsen@hoyanger.kommune.no	57 71 30 00 92 86 02 90
Overordna teknisk vakt		99 21 94 00
Psykiatrisk sjukepleiar Torunn Styve	torunn.styve@hoyanger.kommune.no	99 21 93 35
Politisk sekretær Rita T. Flaten	rita.flaten@hoyanger.kommune.no	90 59 34 15
Prest Runar Matsui-Li	runar.matsui.li@hoyanger.kyrkja.no	48 89 00 86
Prest Andreas Ester	andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no	45 22 17 37
Vaktmeistrane: Tore Haugland Kjell-Arve Kvamme	tore.haugland@hoyanger.kommune.no kjell.arve.kvamme@hoyanger.kommune.no	99 21 94 17 99 21 94 15
Britt Rusti	britt.rusti@hoyanger.kommune.no	47 29 87 05
Synne Vefring	synne.vefring@hoyanger.kommune.no	99 21 93 97
Kari Birkeland	kari.birkeland@hoyanger.kommune.no	90 58 22 69
Nina Titlestad	nina.titlestad@hoyanger.kommune.no	40 21 36 32
Ingrid Fureli	ingrid.fureli@hoyanger.kommune.no	99 21 93 60

Beredskapsplan Høyanger kommune

7.4 Varslingslister – eksterne ressursar

Eksterne ressursar	E-post	Telefon
Politi/lensmann	post.vest@politiet.no	57 71 45 70 02800
AMK	amk@helse-forde.no	113
Alarmsentralen	brann110@alarmsentralen.com	57 75 14 00
Statens vegvesen – region vest	firmapost-vest@vegvesen.no	81 54 40 10
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/samferdselsjef	ole.hareid@sfj.no	41 53 09 54
Mesta	firmapost@mesta.no	05200
Norled	post@norled.no	
Fjord 1	post@fjord1.no	57 75 70 00
Sunnfjord Energi AS	post@sunnfjordenergi.no	57 72 23 40
Metrologisk insitutt Værvarslinga på Vestlandet	post@met.no	55 23 66 00
Statens strålevern	dsa@dsa.no	67 16 26 00
Telenor		09000
NVE – Region vest	rv@nve.no	57 83 36 50
NRK – Sogn og Fjordane	sfj@nrk.no	57 72 42 42
Statkraft Energi - Høyanger	info@statkraft.no	57 68 92 00
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Beredskapssjef Haavard Stensvand		91 57 74 32
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Fylkesmann Anne-Karin Hamre		97 98 65 11
Air-lift	firmapost@airlift.no	57 71 81 20

Beredskapsplan Høyanger kommune

7.5 Naudnett – terminalar

Namn/terminal	ISSI-nr
Overbefal Høyanger kommune (vakt-terminal)	1172402
Vaktbil Høyanger kommune	1172401
Olav Nordgulen	1172409
Jarle Gjermundstad	1172535
Jostein Nyland	1172554
Roger Midtbø	1172515
Asle Værøy	1172528
Geir Bruåsdal	1172527
Einar Tjønnås	1172523
Andreas Avsnes	1172536
Johan Galvin	1172511
Utrykningsleiar Hydro	1172491
Kommandobil Hydro	1172419
Rådmann (ekstra terminal)	1172525

Nr. til nødnett: 878 000 00, tast så inn ISSI-nr

7.6 Satelitt – telefonar

Satelitt-telefonar Høyanger kommune	Rådhus/kriseleiiing Overordna vakt Sørsida bygdetun	00881631401490 00881631401499 00881631403820
--	---	---

7.7 Frivillige organisasjonar – kan inneholde feil!

Organisasjon	Kontaktperson	E-post	Telefon
Høyanger Røde Kors	Gaute P. Haugen	gaute.haugen@compilo.no	97 50 29 21
Høyanger Sanitetsforening	Berit O. Oma	berit.oma@online.no	95 07 42 99
Saniteten si omsorgsgruppe	Marit Nordstrand	mitnor@online.no	97 61 07 63

Beredskapsplan Høyanger kommune

Bjordal/Søreide Sanitetslag	Liv-Gunnbjørg Søreide		99 52 28 56
Ortnevik Sanitetslag	Nina Brekke		99 24 94 31
Vadheim sanitetsforening	Signe Kvåle		91 33 75 84
Kyrkjebø sanitetsforening	Margit Kvalheim		91 15 83 92
Lavik bygdekvinnelag	Beate Systad		90 15 90 48
Kyrkjebø kvinne- og familielag	Nora Høyvik		41 84 99 18
Lavik helselag	Liv Helga Nybø	livhelgany@hotmail.com	48 21 90 18
I.L. Høyang	Reidar Grønli	Reidar.gronli@sfj.no svein_arne_hoyheim@hotmail.com	40 24 14 94 90 67 93 39
Kyrkjebø idrettslag	Bjørg Eli Nese		91 61 10 04
Vadheim idrettslag	Kjell Solhaug	kjell.inge.solhaug@helse-forde.no	99 28 88 17
Lavik idrettslag	Geir Ytredal	teigen09@hotmail.com	48 12 15 13
Bjordal/Søreide idrettslag	Målfrid Førde		90 64 24 24
Ikjefjord idrettslag	Kjell Arne Solli		90 18 51 32
Norske redningshunder	Rolf Nygård		90 08 68 13

7.8 Anna beredskapsplanverk

- 7.8.1 Smittevernplan
- 7.8.2 Beredskapsplan for vassforsyninga
- 7.8.3 Beredskapsplan for akutt ureining
- 7.8.4 Plan for helsemessig og sosial beredskap
- 7.8.5 Overordna heilskapeleg ROS analyse med hendingskjema:
 - Ekstremver
 - Brann i institusjon
 - Større straumbrot
 - Ras
 - Flaum
 - Skred
 - Større brannar
 - Større ulukker
 - Pandemi
 - Akutt forureining luft
 - Akutt forureining vatn